

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Turtagrø / Krossbu(Synfaring)
Dato: 27.08.2014
Tidspunkt: 10:30

Viser til førehandsvarsling på e-post om møte på Krossbu/Turtagrø onsdag 27. mai.

Ivar Kvalen har meldt forfall. Dei andre har gjeve tilbakemelding om at dei kan delta (Frida på telefon, etter 12)

Eventuelle endringar i høve til dette ber eg blir varsla snarast på tlf. 948 80 564 eller . 947 89 126. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Program

10:30 Møtet startar med synfaring ved Krossbu.

Vi og tek ein rask kaffipause der sidan fleire har kjørt eit stykke.

12:00 Møte på Turtagrø.

Vi ser på aktuelt tilretteleggingsområde ute.

Lunsj ca. kl 13.

Møtet held fram etter lunsj. Reknar med å vera ferdige innan kl 15

Vel møtt!

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 35/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 36/2014	Referatsaker		
RS	Spørsmål om persontransport til Glitterheim - eldre person i familie		2014/4872
RS	Transport av person som følger skuleklasse til Glitterheim turisthytte		2014/4872
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Reparasjon av bru over Hellstuguåe i Visdalen - DNT Oslo og Omegn		2014/5194
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Faglig rådgivende utvalg - Invitasjon til møte 8. september		2014/5349
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Kulturminne i Memurudalen - referat frå synfaring 30. juni		2014/4769
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Lavtflyging og landing med helikopter ved Juvasshytta - Filming med drone - Juvflye - Juvfonna		2014/3729
RS	Universitetet i Tromsø - Forskningsprosjekt om nasjonalparker og naturbasert turisme		2014/523
			2003/4333
ST 37/2014	Delegerte vedtak		
4/2014	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak motorferdsel - 2014 - kjøring etter Gravidalsvegen i samband med landbruksverksemd - saueeigar Trygve Husom		2014/5196
ST 38/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallspor for utvikling av tilrettelegging		2014/712
ST 39/2014	Eventuelt		

ST 36/2014 Referatsaker

Referatsaker

Spørsmål om persontransport til Glitterheim - eldre person i familie 2014/4872

Transport av person som følger skuleklasse til Glitterheim turisthytte
2014/4872

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Reparasjon av bru over
Hellstuguåe i Visdalen - DNT Oslo og Omegn 2014/5194

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Faglig rådgivende utvalg -
Invitasjon til møte 8. september 2014/5349

Jotunheimen nasjonalpark - Kulturminne i Memurudalen - referat frå synfaring
30. juni 2014/4769

Jotunheimen nasjonalpark - Lavtflyging og landing med helikopter ved
Juvasshytta - Filming med drone - Juvflye - Juvfonna 2014/3729

Universitetet i Tromsø - Forskningsprosjekt om nasjonalparker og naturbasert
turisme 2014/523

ST 37/2014 Delegerte vedtak

4/2014 Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde -

Delegert vedtak motorferdsel - 2014 - kjøring etter Gravidalsvegen i samband med landbruksverksemd - saueeigar Trygve Husom 2014/5196

Arkivsaksnr: 2014/712-12

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 13.08.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	38/2014	27.08.2014

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport for utvikling av tilrettelegging

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret ønskjer å prøve ut konsept for utvikling av innfallsport med utgangspunkt frå Sognefjellsvegen, Fv. 55. Aktuelle lokalitetar for pilotsatsinga er Turtagrø og Krossbu. Begge plassane er strategisk plassert ved Nasjonal Turistveg Sognefjellet, og har potensiale for tilrettelegging knytt til etablerte parkeringsplassar der det er gode turmoglegheiter mot både Jotunheimen og Breheimen nasjonalparkar.

Turtagrø er den mest kjende plassen i utgangspunktet, men Krossbu har lettare terreng og dermed truleg større potensiale for utvikling av enklare tilgjengeleg opplevingstilbod. Turtagrø er innfallsport mot ei *vernesone* der ein må ta spesielle omsyn til villrein, og betre tilrettelagt innfallsport vil kunne betre denne forvaltningsutfordringa. Området ved Krossbu er definert som *brukssone* der ein utan atterhald kan ønskje fleire gjester velkomne heilt inn i nasjonalparken.

I første omgang ser ein store likskapstrekk som gjer det mogleg med felles planlegging av innhaldet på ein ny innfallsport på aust- eller vestsida av fjellet. Nasjonalparkstyret vil gjera den endelege prioriteringa når ein har fått klarlagt kva tilpassingar som trengst i høve til andre brukarinteresser, og kvar ein kan få utvikla den mest komplette innfallsporten med stort potensiale for naturopplevingar som kan få fleire til å stoppe og bruke tid i området.

Saksopplysningar

Dokument i saka:


1. Brev av 28.03.14 frå Miljødirektoratet – tilbod om deltaking, pilot besøksforvaltning
2. Sak 23/2014 i Nasjonalparkstyret – aksept av deltaking i pilotprosjektet

3. Møte med miljødirektoratet ang. pilotsatsing juni 2014
4. Informasjonsbrev av 07.07.14 til brukarinteresser ved Gjende, Juvflye og Turtagrø
5. Informasjonsbrev av 22.07.14 til brukarinteresser ved Krossbu
6. Referat frå møte med grunneigarar på Turtagrø 21.08.14

Jotunheimen er ein av fire nasjonalparker som er utvalde som pilot for utvikling av besøksforvaltning. Kvart område har fått sine prosjektoppdrag frå Miljødirektoratet. Jotunheimen har fått i oppdrag å utforme ein innfallsport.

Gjeldande besøksstrategi vedteken av nasjonalparkstyret i november 2012 dannar utgangspunkt for tilrettelegginga. I strategien er det vist i alt 23 innfallsportar, som er sortert med graderingane *Nasjonal*, *Regional/nasjonal* og *Lokal* tyding. Det er rett nok ikkje definerte brukargrupper frå ulike nivå som harmonerer med desse omgrepa, så ei meir korrekt gradering kunne sikkert vore t.d. *svært viktig*, *viktig* og *mindre viktig* innfallsport ut ifrå eit stipulert tal brukarar. Ein har ikkje teljingar som viser tal brukarar, men statistikk frå næringsdrivande gjev eit visst grunnlag for å vurdere omfang av gjester. Besøksstrategien frå 2012 har denne oversikten av innfallsportar:

Kart over innfallsportar – frå *Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 2013-2017*



Figur 11 Innfallsporter

1. Bygdin
2. Valdresflya UH
3. Vargebakken
4. Gjendeosen
5. Bessheim
6. Veodalen
7. Spiterstulen
8. Juvflye
9. Leirvassbu
10. Krossbu/Sognefjellshytta
11. Prestesteinsdammen
12. Helgedalen
13. Turtagrø
14. Ringsdalen
15. Soleiebotnen
16. Berdalen
17. Fardalen
18. Utladalen
19. Sletterust
20. Tynosen
21. Koldedalen
22. Eidsbugarden
23. Lom Nasjonalparklandsby og Norsk Fjellmuseum

Ved gjennomgang av informasjonsnotat i styremøtet på Fondsbu i september 2013 vart også Eidsbugarden definert som svært viktig.

I samband med prosjektoppdraget vart det sendt ut førehandsorientering til grunneigarar og brukarar ved følgjande plassar:

- Gjendesheim (brev av 07.07.14)
- Juvflye ”
- Turtagrø ”
- Krossbu (brev av 22.07.14)

Informasjonsskriva av 7. og 22. juli gjeve ei kortfatta orientering til aktuelle partar om eit mogleg pilotprosjekt. Det vart samstundes invitert til synspunkt frå mottakarane (e-post, telefon, eller uformelle samtaler når vi arbeider ute), men bortsett frå vertskapet på Krossbu er det ingen som har respondert direkte på denne invitasjonen. Vertskapet på Krossbu stiller seg svært positive til ei utprøving.

Det er gjennomført synfaring på Krossbu og Turtagrø saman med representantar frå Miljødirektoratet 13. august.

21. august er det gjennomført møte og synfaring med brukarinteresser ved Turtagrø, der forvaltarane og nestleiar i nasjonalparkstyret møtte for forvaltninga. Representantane frå sameiga og frå hotellet, som var til stades på møtet, var positive til skissert tilrettelegging. Eigar av hytta ved stigen hadde heller ikkje særlege innvendingar, under føresetnad av at bilvegen mot hytta kunne behaldast som den er.

Vurdering

Av dei «nasjonale» innfallsportane peikar Gjendeosen og Juvflye seg ut som dei med mest besøk inn i nasjonalparken, med sine trekkplaster Besseggen og Galdhøpiggen. Det ville derfor vore mest naturleg å velja ein av desse plassane for utprøving. På den andre sida kan dei ha mindre overføringsverdi til andre verneområde der ein ikkje finn slik konsentrasjon av svært mange besøkande som skal inn i nasjonalparken.

Gjendeosen har ein svært tydeleg og konsentrert innfallsport, med Gjendesheim, Gjendebåten og stigane mot Besseggen og langs Gjende. Nasjonalparkstatusen er svært lite synleg, og det har vore svært ønskjeleg å etablere ei tydeleg markering av inngangen til nasjonalparken her. Det som kompliserer arbeidet her er satsinga til Nasjonale Turistveger, som har fremma ein reguleringsplan for ei omfattande tilrettelegging med eit større signalbygg (ikonpunkt Gjende) og fullstendig endring av parkeringsmønsteret i området. Reguleringsplanen vart godkjend av Vågå kommune i 2012, med ei mindre endring godkjent i 2013. Iverksettinga vil truleg liggje nokre år fram i tid, og ein må dermed tilpasse seg både til nå-situasjonen og den planlagde satsinga. Dette gjer det nær umogleg å leggje til rette med noko permanent ved Gjende før ein ser det endelege resultatet av Nasjonale Turistveger si satsing her. Ei eiga problemstilling er informasjonsbehovet på avlastingsparkeringa på Reinsvängen 1,7 km aust for Gjende.

Juvflye, med Juvvasshytta, Sommarskiseneret og Klimaparken har stor trafikk – særleg mot Galdhøpiggen, men også til Sommarskisenteret og Klimaparken. Ein vil her verta synleg for svært mange, men ein når berre dei som allereie har svinga av hovudvegen Fv. 55. Tilgangen til innfallsporten skjer via avgiftsbelagt bomveg. Dagens informasjonspunkt ved Juvvasshytta er solid og tilpassa omgjevnadene, men sjølve nasjonalparkinformasjonen må fornyast. Området har elles god infrastruktur, der tilreisande i stor grad blir møtt av folk som arbeider med turguiding (breføring og klimapark).

Turtagrø ligg langs Nasjonal Turistveg Sognefjellet, og vil vera synleg for eit stort tal forbipasserande i tillegg til dei som har dette som reisemål. Dagens tilrettelegging har behov for oppgradering, for å gje eit tydelegare signal om at dette er ein innfallsport til nasjonalparken. Hurrungane er definert som vernesone i forvaltningsplanen, og det kan vera eit forvaltningsgrep å utvikle eit informasjonspunkt som kan gje besøkande ei oppleving av Jotunheimen, utan at alle treng å gå heilt inn i området. Ufordringa kan

vera framdrift og behov for mange ulike tilpassingar pga fleire aktørar / brukarinteresser. Det er allereie etablert dialog med grunneigarane for å ha best mogleg prosess. Det er nokså lang avstand til nasjonalparkgrensa, og toppane i Hurrungane er krevjande for folk som ikkje har bestemte fjellturplanar i utgangspunktet. For dei som stoppar for ein kortare tur er nasjonalparkane utanfor rekkevidde, men det kan utviklast ein enkel tur i randsonen som ikkje kjem i konflikt med villreinen

Dei tre plassane ein såg for seg i i utgangspunktet har til dels mange andre brukarinteresser å forhalde seg til, og dette kan skape problem med framdrift i prosjektet. Den enklaste plassen i så måte, Juvflye, er kanskje den som har minst behov for tilrettelegging for sjølvguiding. Her har fleirtalet dessutan allereie bestemt seg for turmål; i hovudsak Galdhøpiggen, men også Klimaparken eller sommar skisenteret. Gjestene blir i stor grad møtt av kvalifiserte turguidar eller turistvertar, og klimaet her oppe innbyr ikkje alltid til å setja seg ned og sjå nøye på utplassert informasjon. Med bakgrunn i dette er det trekt inn eit fjerde punkt, Krossbu (nr. 10 på kartet). Denne er vist som viktig nasjonalt/regionalt.

Krossbu er i likskap med Turtagrø lokalisert ved Nasjonal Turistveg Sognefjellet. Her er ikkje forvaltningsutfordringar knytt villrein. Ein fordel med Krossbu er at det er berre ein grunneigar (statsallmenning), og færre partar å forhalde seg til når det gjeld andre brukarinteresser. Dette er eit viktig poeng for framdrifta av pilotprosjektet. Lokaliteten har tydeleg kontakt direkte til begge nasjonalparkane (Jotunheimen og Breheimen), som enkelt tilgjengelege turmål, blikkfang og fotomotiv. Også ved Krossbu er det opparbeidd parkering, og i tillegg til brevandrarane er det mange som campar eller tek ein kaffirast på sletta ved Bøvre. Dette er staden turistkontoret i Lom helst viser til når tilreisande kjem med det nokså vanlege spørsmålet om kvar dei enklast kan oppleve å sjå ein bre eller finne snø. Mange lurer også på kvar dei finn nasjonalparkane i området.

Vurderingar ved val av innfallsport for pilotsatsing

Lokaliteten ein plukkar ut for utprøving i pilotsatsinga bør eigne seg som utstillingsvindaug for ein plass der ein ønskjer meir besøk. Det bør vera eit poeng å fange interessa til forbipasserande, som kanskje ikkje har planlagt besøk i nasjonalparken i utgangspunktet. Dei som kjem til Gjendeosen eller opp på Juvflye har allereie bestemt seg for Jotunheimen når det vel å svinge av frå hovudvegane (Fv. 51 eller Fv.55). I tillegg er vegen til Juvflye bomveg, medan Gjendeosen er drifta av eit privat parkeringsfirma, slik at områda berre er tilgjengelege mot betaling av avgifter.

Etter ei samla vurdering finn vi det mest logisk å velja ein innfallsport der ein kan prøve ut om ei tydelegare markering av nasjonalparkane kan bidra til at fleire stoppar og brukar tid på å få ei naturoppleving i nasjonalparken eller i randsonen, utan at det nødvendigvis måtte vera planlagt i utgangspunktet. Vi har på grunnlag av dette kome fram til at pilotsatsinga bør skje langs Fv. 55 over Sognefjellet, da det er her ein har størst potensiale for å fange interessa til nye gjester, samstundes som plassane her kan ha likskapstrekk med andre innfallsportar og såleis større overføringsverdi til andre verneområde. Både Gjendeosen og Juvflye har såpass massiv trafikk at dei kanskje vil måtte trenge litt meir omfattande tilrettelegging enn det ein kanskje vil ha behov for på ein «gjennomsnittleg» innfallsport.

Turtagrø og Krossbu har mange fellespunkt, og begge eignar seg for utvikling av ein innfallsport mot Jotunheimen og Breheimen. Desse to dannar på ein måte starten frå

høvesvis vestsida og austsida for dei som er på tur over Sognefjellet, og det ligg godt til rette for å informere om andre innfallsportar på vegen vidare, enten du kjem inn frå vest eller aust. Begge plassane har innsyn mot høge tindar, som er sjølv karaktertrekket for Jotunheimen. Det er god parkeringskapasitet, og plassane ligg godt lokalisert i høve til både Jotunheimen og Breheimen. God dialog med Breheimen må leggjast til grunn.

Avstandar til nasjonalparkgrensene:

Krossbu ligg nærast opp mot nasjonalparkane, med ein times gange (2-3 km i lett terreng) inn til grensa for Jotunheimen ved Bøverbreen og berre eit par hundre meter inn til grensa for Breheimen. Frå Turtagrø er det 4-5 km til Jotunheimen etter Skagadalen og over ei mil til Breheimen etter Stølsdalen.

Om dei to aktuelle innfallsportane står følgjande i forvaltningsplanen (utkast 2008):

Sognefjellet (Krossbu, Fantestein, Sognefjellshytta, Prestesteindammen):

Frå Sognefjellet er det fleire viktige innfallsportar med gode parkeringstilhøve. Fantestein kan vere viktig både historisk og som utgangspunkt for ein kortare fottur. Stien inn til Bøverbreen (ligg utafor NP) er utsett for slitasje då det er fleire blaute parti her. Kavl-legging på dei mest utsette partiene vart gjennomført sommaren 2004.

Aktuelle tiltak:

- generell oppgradering av NP-info.
- omplassering av NP-informasjonstavla ved Sognefjellshytta
- informasjonstavle ved Krossbu og betre skilting av turrutene
- NP-info ved Fantestein. Merking av kort fottur til nærliggjande høgde
- NP-info ved den store P-plassen ved Kammerherren (nasjonal turistveg P-plass)
- NP-info på P-plass Preststeinsdammen
- NP-info på P-plass Storfonna
- innstegsområdet til Bøverbreen bør overvåkast spesielt med tanke på forsøpling.

Turtagrø er viktigaste innfallsport til Skagadalen og Hurrungane. Stor NP-tavle er oppsett.

Aktuelle tiltak:

- Vurdere oppsetting av toalett når avtalen Luster kommune har med Turtagrø Hotell går ut i 2011(?)

Forvaltningsplanen deler vidare verneområda i brukssoner og vernesoner.

Utfartsområda frå Krossbu ligg i brukssone, medan Skagadalen og Hurrungane som er tilgjengelege frå Turtagrø ligg i vernesone.

Om desse områda har forvaltningsplanen følgjande føringar:

Brukssone, Teig 8: Smørstabbre-området

Området har store naturkvalitetar knytt til breane og avsetningar frå desse. Om sommaren er Smørstabbreen lett tilgjengeleg både frå Sognefjellet og frå Leirdalen/Gravdalen.

Området er særleg attraktivt pga spennande fjelltoppar og brear. Vegen over Sognefjellet blir opna omlag 1. mai. Området er difor mykje nytta til skigåing på forsommaren. I turistsesongen er det turar med førar over breen. På breen blir det årleg arrangert fleire brekurs. Det er ingen hytter eller merkte stiar i området, men ruta over breen mellom Krossbu og Leirvassbu vert kvista til påska. Det er utført tiltak (kloppegging) i høve til slitasjeskader på myr/vegetasjon på stien mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen. Det er mange døme på uforsvarlig ferdsel i området og ved gjevne mellomrom er det ulykker og redningsaksjoner på breane i området. Det er behov for å videreutvikle informasjon om forsvarlig ferdsle på bre i området.

Vernesone, Teig 4: Hurrungane-området på side 34-35 planutkastet:

«Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er difor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsle held seg på faste stader. Det bør bli sett opp vardar som syner vadestaden over Midtmaradøla for å

unngå at folk vandrar på vestsida av elva (m.a.o. at dei berre vandrar på ei side: austsida). Det er viktig at stien er godt markert ved starten ned mot Utladalen ved Kyrkjestigen. Vegvisarpilen frå stien mellom Skogadalsbøen og Vetti mot Vormeli bør fjernast å halde nede omfanget av ferdsel i området. Brua over Utlå vart undersøkt for nokre år sidan og er i god nok stand dersom vanleg vedlikehald vert gjennomført. Frå Turtagrø har det i mange år vore arrangert turar med førar til Store Skagastølstind og til Skagastølstind-området. Det har og vore arrangert slike turar frå Skogadalsbøen turisthytte. Dei seinare åra har det vore arrangert telemarksrenn frå Dyrhaugsryggen. Det er stor pågang for å drive fjellføring og kursverksemd i området. Det er viktig at den organiserte ferdsla ikkje vert så stor at den kjem i konflikt med naturkvalitetane i området og/eller fortrengjer dei som går tur på eiga hand.»

Ved Turtagrø må ein vise varsemd i høve til villreinen. Forvaltningsplanen formidlar at det er viktig å halde omfang av ferdsel nede på eit slik nivå at det ikkje kjem i konflikt med naturkvalitetane. Tilrettelegging kan trekkje fleire til området, men kan også bidra til kanalisering bort frå dei mest sårbare områda.

Ved Krossbu manglar informasjonspunkt om nasjonalparken, og forvaltningsplanen signaliserer behov for informasjon om forsvarleg ferdsle på bre. Det er fleire merka og umerka stigar, og det er allereie gjennomført ein god del tilrettelegging mot slitasje på stigen inn mot Bøverbrean. Denne tilrettelegginga kan med tida vidareutviklast, da stigen er nokså flat på det første partiet frå parkeringa. Her kan det ligge godt til rette for universell utforming, slik at ei avgrensa strekning kan gjerast tilgjengeleg for funksjonshemma – med nærleik til breelv, snøfonner og fjellvegetasjon.

I besøksstrategien er Turtagrø gradert høgare enn Krossbu gjennom merkelappane «nasjonal» og «regional/nasjonal». Blant tilrådingane i strategien er tilrettelegging for «Opplev Jotunheimen på ein time» og «Opplev Jotunheimen på ein dag». Ei timesvandring frå Turtagrø vil verta nokså langt frå sjølve nasjonalparkane, så dei mindre fjellvande må i stor grad nøye seg med ein tur i randsonen til parken. Frå Krossbu kjem ein svært enkelt innan grensa for Breheimen, og dersom ein utvidar opplevinga til 2-3 timar vil også Jotunheimen vera innan rekkevidde for dei aller fleste.

Potensialet for næringsutvikling er til stades på begge plassane. Turtagrø har det mest kjente namnet, medan Krossbu har kort veg å gå inn til både Jotunheimen og Breheimen. For barnefamiliar, som er ei veksende gruppe blant fjellvandarane, vil ei vandring frå med utgangspunkt Krossbu truleg vera mest spanande - med kort avstand til bre, snøfonner og breelver. Det er i tillegg lett terreng å gå i, slik at også dei som ikkje er så spreke kan ha ein fin tur. Eit forvaltningsmessig ønskje om sterkare styring av trafikk utanom sårbare område kan derimot tale for Turtagrø.

I samråd med direktoratet vert det arbeidd vidare med innhald i prosjektutlysing (parkering, informasjonstavler, skilting, toalett, søppelordning, telt plassar, aktivitetssområde, universell utforming, osv.). Ein ønskjer mest mogleg komplett planlysing sjølv om det ikkje er rom for å realisere alle elementa i første runden. Med dagens nivå på ressursar til verneområdeforvaltning kan ein vanskeleg sjå for seg tilrettelegging av element som medfører store årlege driftskostnader (t.d. toalett), men det er likevel viktig å planlegge på ein måte som legg til rette for gode og heilskaplege løysingar i eit meir langsiktige perspektiv.